

Prioritering i Kompetansepluss fagopplæring 2024

Alle kvalifiserte søknadar får tildelt ein poengsum mellom 0 og 100 basert på tabellen nedanfor.

Ettersom Kompetansepluss fagopplæring er ei prøveordning med avgrensa midlar, vil HK-dir kunne prioritere søknadar etter ei heilskapsvurdering for å nå måla med ordninga. Ordninga har som mål å gi erfaringar med å:

- Organisere og gjennomføre den kombinerte opplæringa på ulike måtar
- involvere ulike tilbydarar
- gi fagopplæring kombinert med grunnleggande ferdigheiter innanfor ulike fagområde
- få i gang prosjekt innanfor ulike fag og i ulike delar av landet

Utgangspunktet for prioritering vil vere ei rangering av søknadane etter poengsum, frå høgast til lågast. Måla med prøveordninga vil likevel kunne overstyre poengfordelinga, og vil bli tillagt vekt i den endelege prioriteringa av tilskot dersom det er oversøking. Dette gjeld til dømes om HK-dir ønsker å skilje mellom søknader som har oppnådd den same poengsummen eller om det er for mange kurs i same fag- eller fagområde.

Poeng

Totalt 100 moglege poeng

Samarbeid og forankring		Totalt 10 moglege poeng
1. Opplæringa skal reknast som deltakarane si arbeidstid, det vil seie at deltakarane får lønn for opplæringstida/ kurstimane. ¹	Ja, alle kurstimane er i arbeidstida	10
	Ja, halvparten eller meir av kurstimane er i arbeidstida.	8
	Ja, under halvparten og meir enn 10% av kurstimane er i arbeidstida.	5
	Nei. 10% eller mindre av kurstimane er i arbeidstida.	0
Tilbydar sin kompetanse		Totalt 22 moglege poeng
2. Søkar pliktar å sjå til at kurshaldar har gjennomført minst 250 opplæringstimar med Kompetansepluss-prosjekt, anna opplæring av vaksne i grunnleggande ferdigheiter/norsk/samisk eller opplæring av vaksne innan fagopplæring. ²	Ja	5
	Nei	0

¹ For turnus/skiftarbeidarar tyder det at opplæringa skal skje innafør rammene av arbeidstida og ikkje i tillegg til denne tida. Arbeidstid skal kunne dokumenterast med frammøtelister, arbeidslister eller liknande.

² Timar med praksis må kunne dokumenterast med arbeidskontraktar, attestar eller liknande.

3. Tilbydar i opplæringstiltaket er godkjent som Kompetanseplusstilbydar av HK-dir ved utgangen av søknadsfristen.	Ja	2
	Nei	0
4. Søkar pliktar å sjå til at alle kurshaldarane har fullført nettkurs for kurshaldarar i Kompetanseplussprogrammet ³ utvikla av HK-dir.	Ja	5
	Nei	0
5. Søkar forpliktar seg til at alle undervisarane har minst éin av følgjande kompetansar ⁴ : i. 30 stp i å undervise vaksne i grunnleggjande ferdigheiter ii. 30 stp i vaksenpedagogikk iii. 30 stp i norsk som andrespråk fra norsk universitet eller høgskole iv. lærarutdanning/PPU Utdanningane må kunne dokumenterast med vitnemål.	Ja, (alle) undervisar(ane) har fleire enn to av dei nemnde utdanningane	10
	Ja, (alle) undervisar(ane) har to av dei nemnde utdanningane	8
	Ja, (alle) undervisar(ane) har ein av dei nemnde utdanningane	5
	Nei, søkar forpliktar seg ikkje til dette.	0
Prioriterte verksemdar		Totalt 18 moglege poeng
6. Opplæringsmottakar(ane) i søknaden er små og mellomstore verksemdar. Talet på tilsette blir lasta automatisk inn frå Brønnøysundregisteret. Dette er basert på talet i AA-registeret, og gir grunnlaget for vurderinga av storleiken på verksemdene. Søkar/samarbeidspartnarar har sjølve ansvar for at AA-registeret alltid er oppdatert.	Ja, alle opplæringsmottakarane i søknaden har 20 eller færre tilsette.	18
	Ja, alle opplæringsmottakarane i søknaden har 50 eller færre tilsette.	15
	Ja, under halvparten av opplæringsmottakarane i søknaden har 50 eller færre tilsette.	10
	Nei. Alle opplæringsmottakar(ane) i søknaden har fleire enn 50 tilsette.	0

³ Alle nettkursversjonar fom. 2019 er godkjente.

⁴ Forpliktinga om kompetanse for alle kurshaldarane og omfattar alle kurstimane det blir søkt tilskot til. Nedst i dokumentet er det meir informasjon om kva vi legg i desse kompetansane.

Prioritert målgruppe		Totalt 45 moglege poeng	
7. Deltakarane har berre fullført grunnskole og/eller har utanlandsk utdanning til og med vidaregåande opplærings nivå, som ikkje er godkjent i Norge.	Ja, alle deltakarane i søknaden er i prioritert målgruppe.	15	
	Ja, halvparten eller meir av deltakarane er i prioritert målgruppe.	10	
	Ja, mindre enn halvparten av deltakarane er i prioritert målgruppe.	5	
	Nei, ingen av deltakarane er i prioritert målgruppe.	0	
8. Deltakarane har fleire år med relevant praksis i faget (og er derfor nære å kunne ta fagbrev som praksiskandidatar).	Ja, alle deltakarane i søknaden har minst 4 års praksis.	30	
	Ja, halvparten eller meir av deltakarane i søknaden har minst 4 års praksis eller alle deltakarane i søknaden har minst 2 års praksis.	20	
	Ja, halvparten eller meir av deltakarane i søknaden har minst 2 års praksis.	10	
	Ja, nokre av deltakarane i søknaden har minst 2 års praksis.	5	
	Nei, ingen av deltakarane i søknaden har 2 års praksis eller meir.	0	
			Totalt 5 moglege poeng
	Opplæring		
	9. Kurshaldarane skal ta i bruk ressursar og arbeidsformer som er spesielt tilpassa opplæring i Kompetansepluss. ⁵	Ja, forpliktinga gjeld for halvparten eller meir av kurstimane i søknaden.	5

⁵ Døme på dette er [profilane for grunnleggande ferdigheiter](#), [Snakkes Betre på regning](#), [Betre på les og skriv](#). Andre døme og ressursar finn ein på [digidel.no](#), i ressursen [Arbeidsretta norsk For deg som rettleiar i grunnleggande ferdigheiter](#).

	Ja, forpliktinga gjeld for under halvparten av kurstimane i søknaden.	3
	Nei, søker forpliktar seg ikkje til dette.	0

Om prioriteringspoeng og dokumentasjon:

Dersom søker og samarbeidspartar kryssar av på noko som gir prioriteringspoeng i søknaden, har må søker kunne dokumentere at dei oppfyller kriteria for prioriteringspoenga. Dette gjeld gjennom heile prosjektperioden og etter, i samband med sluttrapportering eller tilsyn etterkant av gjennomførte prosjekt. Type dokumentasjon er avhengig av kva ein skal dokumentere og kan til dømes vere opplæringsplan, kurshaldar sine vitnemål eller timelister. Det er søkeren sitt ansvar å sikre dokumentasjon som er eigna til å kontrollere at kriteria er oppfylte. Manglande eller ueigna dokumentasjon kan føre til at HK-dir krev tilbake heile eller delar av utbetalt tilskot, eller at tilskot ikkje blir utbetalt, jf. Retningslinjene til Kompetansepluss arbeid pkt. 9.

Tilleggsinformasjon om utdanningane i prioriteringspunkt 5 – om kurshaldarane sin kompetanse, punkta i. – iv.:

- i. 30 stp i å undervise vaksne i grunnleggande ferdigheiter tyder at ein har gjennomført ei av desse vidareutdanningane:
 - a. « [Undervisning av vaksne i grunnleggande ferdigheter ved Høgskolen Innlandet](#)»
 - b. «Voksenpedagogikk/lese- og skriveopplæring for vaksne» ved UIS
 - c. «Videreutdanning i voksenpedagogikk og IKT-didaktikk» ved USN/tidl. høgskolen i Sørøst-Norge
- ii. 30 stp i vaksenpedagogikk – døme: vaksne si læring og læringskultur ved OsloMet
- iii. 30 stp i [norsk som andrespråk fra norsk universitet eller høgskole](#).
- iv. lærarutdanning/PPU omfattar alle typar lærarutdanning som er godkjent i Norge. Utdanning frå utlandet må vere godkjent som lærarutdanning av HK-dir (tidlegare NOKUT og Utdanningsdirektoratet).